



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - dispensasjon - Alver 324/7 - Langeland - utviding av veg

Vi viser til brev frå kommunen datert 28.04.23. Saka gjeld søknad om utviding av veg, ved at det vert etablert ein ny tilkomstveg, i samband med at avkøyrsløse frå Sagstadvegen 63-69 til fv 5308 skal stengast permanent.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Meland sin arealdel er definert som LNF.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealet ligg i nedbørsfeltet for kritisk trua elvemusling i Mjåtveitelva. Det må vurderast om tiltaket kan føre til skadeleg avrenning til elvemuslingane, og eventuelle avbøtande tiltak må sikrast som vilkår i ein eventuell dispensasjon.

Det ser også ut til at tiltaket vil omdisponere noko fulldyrka mark. Det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. Om det ikkje er mogleg og unngå omdisponering er det viktig at ein tar vare på jorda og nyttar den til jordforbetring ei anna stad.

Statsforvaltaren ber om at punkta over vert følgt opp, og at vi får eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN